

Stavanger 20.07.2018

Grovforsiuasjonen

Styret i Rogaland Sau og Geit ser med stor uro på situasjonen som tørka har påført bøndene, i blant anna våre områder.

Manglande grovforavlinger og brunsvitte beiter gjer nå at dei aller fleste bøndene ser med stor uro på å få nok mat til dyra sine til haust/vinter.

I byrjinga av september kjem store mengder småfe ned fra heiebeite og ein kan då vera i ein situasjon at det helst ikkje er heimebeite igjen til dyra.

Skulle nokon koma i den situasjon at ein ikkje ser anna råd enn å slakte dei av dyra som skulle vore livdyr til vinteren, vil styret i Rogaland Sau og Geit tilrå at ein då slaktar av dei lamma som var tiltenkt påsett og sparer gode livsauer. På dette viset unngår ein endå meir sau inn på fryselager.

Styret i Rogaland Sau og Geit vil oppfordra lokalaga til å kontakta den lokale landbruksforvaltinga og faglaga, Bondelaget og Småbrukerlaget for å samarbeida om lokale møter/tiltak.

Der det allereie er kome i stand slike møter eller tiltak, bør lokalaga aktivt møta opp eller støtta opp om dette.

Medlemmane må tidleg informerast om eventuelle møter og tiltak og om korleis ein skal gjer for å søkja om erstatning for avlingskadesvikt.

Styret i Rogaland Sau og Geit vil ta kontakt med Fylkesmannen si landbruksavdeling for å diskutera situasjonen og aktuelle tiltak.

For styret i Rogaland Sau og Geit

Håvard Helgeland

Leiar

Tlf 928 00 163

haavhelg@online.no